

# - Vi vil ha meir rovdryrmakt

## Politikarane i Ringebru sett krav

Listetoppene i Ringebru kommune vil ha meir rovdryrmakt til kommunalt nivå.

Av Knut Storvik  
knut.storvik@gd.no  
Mobil 904 06 707

**FÅVANG:** – Det er by mot land, gang på gang, seier Erik Odlo (Sp).

Han omdøypte det gamle slagordet «by og land, hand i hand» for å illustrere korleis situasjonen mellom distrikta og spesielt Oslo er i desse dagar når eit nytt rovviltforlik er på gang. Måndag inviterte Fåvang sau og geit til eit møte som skulle handle om sau og rovdryr. Listetoppene i Ringebru kommune, bortsett frå Sv og Ole Asmund Sylte møtte for listetopp Britt Åse Høyevsveen (V), melde sin framkomst og troppa opp på Sør-Fåvang grendehus. Sjølv om dei representerer forskjellige parti og ideologiar er dei skjønt samde om ein ting; rovdryrpolitikken held ikkje mål og forvaltninga må kome ned på kommunenivå.

### Vil innføre rovviltutval

– Det går for lang tid når rovdryra er på ferde. Det er ikkje å leggje skjul på at Høgre ikkje liker fylkeskommunen, så vi må få lokal forvaltning. Eg skjønner ikkje vitsen med å sette Statens naturoppsyn over dei lokale fjellstyra. Vi vil ha rovdryr, men ikkje streifdyr, seier Audun Amundsen frå Høgre.

Iver Hammeren frå Ringebru Arbeiderparti understreka at det er viktig å lytte til fagfolk. Derfor overlét han ordet til leiar i partiet Erik S. Winther for å fortelje kva partiet meiner.

– Vi må få kunnige politikarar inn i rovviltforvaltninga. Dei som vedtok at vi skulle ha 15 ynglingar visste ikkje at dei og da sa ja til å ha 360 bjørnar i Norge. Før i tida hadde vi eit rovviltutval i kommu-

nen. Dette må opp og stå igjen for dersom det kjem politikarar frå eit rovviltutval til dei som bestemmer i Oslo så lyttar dei. I tillegg må vi få utvida fristen på lisensfellingssjakt på bjørn som stopper 15. oktober. Vi må jakte mens vi kan sjå spora i nysnøen, seier Winther.

### – Vi må vere samla

Hammeren understreka at uansett kven som sit med makta etter haustens kommuneval må kommunen stå samla i denne saka. Da har dei større moglegheit til å påverke der slutningane blir teke,

nemleg i Oslo.

– Så store tapstal av sau gjer noko med ein. Vi må ha ei klar melding og eg skal personleg slå Rune Øygard i talet på reiser inn til Oslo. Det nyttar ikkje kor samde vi er her når det er i Oslo det skjer, seier Hammeren.

– Vi må ha lokal forvaltning. Ordninga må bli betre, seier Stein Nerli Morken (Frp).

Sigurd Krekke og Hans M. Hjelstuen frå Fåvang sau og geit var glad for responsen dei fekk.

– Situasjonen er alvorleg og noko må gjerast, seier dei til GD.



**KLAR:** Erik S. Winther vil innføre rovviltutval.



**SAMDE:** Listetoppene i Ringebru kommune vil bestemme sjølv i rovdryrpolitikken. Svein Ivar Sæther (Tverrpolitisk, f.v), Stein Nerli Morken (Frp), Ole Asmund Sylte (V), Erik Odlo (Sp), Iver Hammeren (Ap) og Audun Amundsen (h).  
Alle foto: Knut Storvik



**FEKK RESPONS:** Sigurd Krekke (t.v.) og Hans M. Hjelstuen frå Fåvang sau og geit fekk god respons da dei inviterte til møte.